

Vest Rørservice AS
Kvernhusvegen 5
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7464 - 21/61861

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
16.09.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 499/59 Ystebø

Tiltak: Utsleppsløyve
Byggjestad: Gbnr: 499/59
Tiltakshavar: Erlend Haugom
Ansvarleg søker: Vest Rørservice AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.08.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig.

Det er søkt om utsleppsløyve for utslepp av sanitært avløpsvatn til Slettosen. Slettosen er ein del av verneområde Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde. Dette verneområdet er no omfatta av «Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i Alver og Austrheim kommunar, Vestland fylke»

§ 3 (verneregler) c Området er verna mot tiltak og inngrep som kan skade verneverdiane som t.d. etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøyring av vassmassar og oppankring. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.

§ 6 (generelle dispensasjonsreglar) Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje er i strid mot føremålet til vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomstsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

Det er Statsforvaltaren i Vestland som er forvalningsstyremakt og sakshandsamar for dispensasjonssøknad.

Kommunen kan ikkje handsama søknaden din før det ligg føre godkjent dispensasjon frå Statsforvaltaren.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsendning av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Erlend Haugom
Vest Rørservice AS

Bastanesvegen 18
Kvernhusvegen 5

5305 FLORVÅG
5936 MANGER